

**Vedk. søknad om rehabilitering / påbygging i Bruvegen 100,  
gnr. 188 / bnr. 485**

**Kommentar til Gerd Aase Dusenbury sin siste merknad til nabovarsel**

Vi viser til søknad om godkjenning av prosjekt for rehabilitering / fornying i Bruvegen 100, gnr. 188, bnr. 485, Gerd Aase Dusenbury sin merknad til nabovarsel, dagsett 30.12.2016, vår kommentar til merknaden, dagsett 03.01.2017, og Gerd Aase Dusenbury sin siste merknad, dagsett 13.02.2017.

1. Den personen som var med meg då vi ringde på den 11.02.2017, var Harald Solheim ved byggjesaksavdelinga. Han har vore rettleiar og koordinator i søknadsprosessen for dei som ønskjer å byggje altan i Rabben Vel i denne omgang. Tanken var at han skulle forklare Dusenbury kvifor det var nødvendig å skrive under naboerklæringsformularet frå kommunen. Etter at vi hadde snakka om dette ei stund, vart erklæringa underskriven på staden.
2. Dagen etter ringde Dusenbury på hjå oss. Ho anklaga meg for å ha oppført meg trugande overfor henne under besøket dagen før, og at naboerklæringa vart underskriven under press. Ho bad om å få erklæringa tilbake, og det fekk ho.
3. Gerd Aase Dusenbury har lenge vore kjent med at vi ønskjer å byggje altan over boden. Ho har aldri gjeve uttrykk for at ho er imot dette, heller ikkje i den første merknaden sin. Det ho skriv i merknaden er at ho føreset at grensa mot hennar eigedom ikkje vert krenkt, og at hennar utebod ikkje vert berørt av utbygginga. Dette respekterer vi. Det er ikkje aktuelt å krysse nabogrensa. Enden av altanen må tilpassast bygningsteknisk på beste måte i høve til hennar utebod. Vi vil rette oss etter råd frå bygningskyndige fagfolk med sikte på at det skal verte minst mogleg ulempe for naboen. Til orientering kan vi nemne at alle bod-taka er bygt slik at dei kjem litt inn på naboen sin eigedom på eine sida. Sjølve boden kryssar ikkje nabogrensa, men taket går litt utanfor boden. Dette har aldri vore noko problem.
4. Dusenbury har trekt tilbake naboerklæringa ho skreiv under 11.02.2017. Kva som ligg i dette er for oss eit spørsmål om tolking. Ho har i realiteten aldri gjeve uttrykk for at ho motset seg at vi kan byggje altan *inntil* nabogrensa, altså 0 m frå grensa, heller ikkje i sine merknader. Når ho skriv at nabogrensa ikkje må verte krenkt, ligg det etter vår oppfatning implisitt i dette at ho er innforstått med at det er aktuelt å byggje altan inntil grensa. I tillegg har ho presisert at uteboden hennar ikkje må verte berørt. Så lenge vi respekterer desse føresetnadene, ber vi om at søknaden vert innvilga.
5. Dersom søknaden ikkje skulle verte innvilga, vert dette å sjå på som søknad om dispensasjon.

Knarvik, 25.02.2017.

*Kjersti Kjenes Rydland*  
Kjersti Kjenes Rydland

*Vidar Rydland*  
Vidar Rydland